



Arkivnr: 2016/4130-32

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for opplæring og helse		07.06.2017
Fylkesutvalet		22.06.2017

Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2017**Samandrag**

Denne løypemeldinga tar føre seg status i arbeidet med gjennomføring av vedtaka i skulebruksplanen knytt til alle skulane i Hordaland.

Skulebruksplanen (SBP) for perioden 2017-2030 vart handsama i fylkestinget i oktober 2016. Einskilde saker knytt til handsaminga i oktober 2016 vart òg følgje opp med vedtak i fylkestinga i desember 2016 og i mars 2017.

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert koordinert gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030. Gjennomføring av tiltaka skjer i linja.

Rapportering til politisk utval

Prosjektet søker å gi ein statusrapport på gjennomføring av tiltaka i juni kvart år. Når det gjeld konsekvensar for tilbodssstrukturen som følgje av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i tilbodsstruktursaka kvar haust.

I denne saka vil fylkesrådmannen gjere greie for status og retning i arbeidet med å gjennomføre skulebruksplanen med dei vedtaka som no ligg føre. Her vert det ikkje gjort framlegg om vedtak knytt til einskilde prosjekt. Forhold knytt til skular og struktur som går utover dei struktursakene som vert handsama i saka «Justering av tilbodssstruktur», vert fremja som sjølvstendige saker for politisk handsaming.

Fylkesrådmannen har vidare intensjon om å leggje fram ei rullering av eksisterande skulebruksplan i år 2020.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkessjef opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.05.2017

Innleiing

Skulebruksplanen (SBP) for perioden 2017-2030 vart handsama i fylkestinget i oktober 2016. Einskilde saker knytt til skulebruksplanen vart òg handsama i fylkestinget i desember 2016 og i fylkestinget i mars 2017. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030. Gjennomføring av tiltaka vil skje i linja.

Prosjektet søker å gje ein statusrapport på gjennomføring av tiltaka i juni kvart år. Når det gjeld konsekvensar for tilbodssstrukturen som følge av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i saka «Justerering av tilbodssstrukturen» kvar haust.

I denne saka vert det ikkje gjort framlegg om vedtak knytt til einskilde prosjekt. Forhold knytt til skular og struktur som går utover dei struktursakene som vert handsama i saka «Justerering av tilbodssstrukturen», vert fremja som sjølvstendige saker for politisk handsaming.

Denne løypemeldinga tar føre seg status og retning i arbeidet med gjennomføring av vedtaka i skulebruksplanen knytt til alle skulane i Hordaland.

Skuleåret 2016/2017

Tabellen under viser skular, utdanningsprogram og elevtal inneverande skuleår.

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST
NORDHORDL.	Austrheim vgs	263	3	23		23	32		18		52	31						81
	Knarvik vgs	1 049	66	85	20	112	143			55	186	28						354
		1 312																
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs	284		44			60							63				117
	Osterøy vgs	196	11		11	28	28				35							83
		480																
BERGEN NORD	Åsane vgs	458	15	19	63	30	171		9		44	107						
	Tertnes vgs	417								67								350
	U.Pihl vgs	300	4											80				216
		1 175																
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs	1 034		18						156			31	30				799
	Bergen Katedralskole	596	30															566
	Bergen maritime vgs	281			120						161							
	Årstad vgs	862	35	64	148	127	174		45		137	59	13			30	30	
		2 773																
BERGEN SØR	Austevoll vgs	142	1				15	69			41							16
	Langhaugen vgs	614													163			451
	Nordahl Grieg vgs	919	6	1			90				6	54	127					635
	Sandsli vgs	550	7						85									458
	Slåtthaug vgs	555	7	118	15	131	77				89	118						
	Stend vgs	524	82					165	33		32				212			
		3 304																
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs	549	17			119					79	83	104					226
	Laksevåg vgs	727	53	79	68						79	124	73					251
	Olsvikåsen vgs	591	17	38	16	185					32					30	273	
		1 867																
ASKØY	Askøy vgs	560	21	44		70	61				71	29						264
		560																
SOTRA	Sotra vgs	810	15	29	41	15	88	91	24	31	88	60		76				252
		810																
OS - FUSA	Fusa vgs	288	13	5			49	65	22		72	35						27
	Os gymnas	252																252
	Os vgs	465	20	106	45	77			90	73	54							
		1 005																
SUNNHORDL.	Børmlø vgs	295	9			57			23		51							155
	Rubbestadnes vgs	145			77					68								
	Fitjar vgs	252		32	126		34			60								
	Stord vgs	846	29	27	58	106			15	55	52	50	67	144				243
		1 538																
KVINNHERAD	Kvinnherad vgs	388	14	28		24	59		15	40	52							156
		388																
ODDA	Odda vgs	319	13	5	20	10	29	30		53				34				125
		319																
KVAM	Norheimsund vgs	102		7	32	34				29		11						162
	Øystese gymnas	179	6															
		281																
VOSS	Hjeltnes vgs	12					12											
	Voss vgs	97		22					15		60		16		9		11	
	Voss Husflidsskule	36				63												
	Rognes vgs	63													28	119		185
	Voss gymnas	332								88								
	Nye Voss vgs	371	25	45	42		144	27										
ETNE - SVEIO		911																
	Etnes vgs	89		12						24	18			35				
		Sum	16 812	167	557	762	301	1 152	1 741	443	276	500	1 491	1 181	372	362	700	96

Tabellen under viser forklaring på kodane som er brukt på utdanningsprogramma i denne saka.

Fagkode	Yrkesfaglege utdanningsprogram
BA	Bygg- og anleggsteknikk
DH	Design og handverk
EL	Elektrofag
HO	Helse- og oppvekstfag
MK	Medium og kommunikasjon (avvikla som yrkesfag frå skuleåret 18/19)
NA	Naturbruk
RM	Restaurant og matfag
SS	Service og samferdsel
TIP	Teknikk og industriell produksjon
Kode	Studieførebuande utdanningsprogram
ST	Studiespesialisering
ST-FO	Studiespesialisering med formgjeving (avvikla frå skuleåret 18/19)
KDA	Kunst, design og arkitektur
MK	Media og kommunikasjon
ID	Idrettsfag
MDD	Musikk, dans, drama
PB	Påbyggingskurs til generell studiekompetanse
Kode	Andre vidaregåande opplæringstilbod
TO	Grupper for særskilt tilrettelagt opplæring
AO	Innføringsklasser for minoritetsspråklege

Regionvis gjennomgang – status

Under følgjer ein gjennomgang av den einskilde region etter den regionvise inndelinga som var i høyringsforslaget til skulebruksplanen. Dette er ikkje den administrative inndelinga av vidaregåande opplæring i Hordaland, men ei inndeling gjort med utgangspunkt i den regionale senterstrukturen. For kvar region er det først ein tekstboks med vedtak. Tekstboksane referer til gjeldande vedtak fatta i fylkestinget i oktober 2016, desember 2016 eller mars 2017. Deretter følgjer ein tabell som viser framtidig dimensjonering for regionen og ein status på arbeidet med å gjennomføre vedtak knytt til kvar skule.

Region Nordhordland

Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endeleg vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.

Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag (RM) vert lagt ned. Service og samferdsel (SS) vert flytta frå Knarvik til Nye Åsane vgs.

Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkerarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2027.

Det vert våren 2017 starta opp eit samarbeidsprosjekt mellom skulane i Nordhordland og det lokale næringslivet, der målet er å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemndene.

Endeleg vedtak om investering i ny skule på Austrheim vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform. Knarvik vgs får tilbygg på Juvikstølen i 2027 som erstatning for avdelinga ved Kvernhusmyra. Ved samling av Knarvik vgs på Juvikstølen skal det vurderast om det er grunnlag for å etablere RM ved skulen.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	
NORDHORDL	Austrheim vgs	263	12	30	30	30	30					60	30				90	282
	Knarvik vgs	1 049	48	75	75	30	90					75	90				270	753
		1 312																1 035

Status gjennomføring av vedtak

Austrheim vgs

- RM vert lagt ned frå hausten 2018. Det vert ikkje tatt opp elevar på Vg1 RM hausten 2017
- Når det gjeld vurdering av investering i skulebygget, vert denne gjort i samband med arbeidet med ny region. Dette startar for alvor opp hausten 2017, men tenestetilbod vil truleg tidligast verte tema i løpet av 2018.

Knarvik vgs

- SS vert flytta til Nye Åsane vgs når skulen er ferdig i 2020. Flyttinga er ein del av prosjektet Nye Åsane vgs
- Det er elles ingen særskild aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i skulebruksplanen

Prosjekt næringslivet

Arbeidet starta opp i januar 2017, og det er oppretta eit samarbeidsforum i stor grad basert på eksisterande samarbeid i regionen. Aktørane er samde om ein prosjektplan med tilhøyrande aktivitetsplan fram til april 2018.

Følgjande partar er sentrale i samarbeidet (samarbeidsforum) og har delteke i møteverksemd for utforming av overordna mål og mandat:

- Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule.
- Kommunane i Nordhordland og Gulen representert ved Regionrådet.
- Nordhordland Næringslag. (Gulen og Masfjorden Næringsråd er medlem i NONL)
- Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga og regionallavdelinga

Samarbeidsforumet vil framover vere samansett av:

- Rektorane ved Knarvik vgs og Austrheim vgs (evt annan representant frå skuleleiinga)
- representant frå Regionrådet Nordhordland

- representant fra Nordhordland Næringslag
- Opplæringsavdelinga representert ved leiar seksjon fagopplæring, leiar/representant for seksjon skule, regionleiar.
- Regionalavdelinga med representant for næringsseksjonen
- Hovudtillitsvalde kan ha med ein representant om organisasjonane ønskjer det.
- Andre kan delta i samband med t.d. enkeltsaker.

Samarbeidsforumet har definert overordna mål og mandat for det vidare arbeidet:

Overordna mål

Prosjektet skal bidra til å synleggjere og vidareutvikle samarbeidet, dei gode døma og dei gode samarbeidsstrukturane mellom skule og arbeidsliv. Det skal vere vekt på styrka fagmiljø, yrkesretting og relevans gjennom attraktiv og nyskapande opplæringsverksemrd innan ulike utdanningsprogram i Nordhordland.

Prosjektet skal kartlegge i kva grad det kan vere mogleg å leggje meir av undervisninga i verksemrdene og utvikle modellar for utprøving av praktisk undervisning i verksemrdene t.d. ulike vekslingsmodellar og moglege forsøk innan prioriterte utdanningsprogram.

Mandat

- Utvikle nye undervisningsformer og kartlegge i kva grad det kan vere mogleg å søkje om forsøk med fordeling av ansvar for opplæring og vurdering mellom skule og arbeidsliv. Dette arbeidet skal bidra til kunnskapsgrunnlag for å vurdere behov for nyinvesteringar.
- Få fram kunnskapsgrunnlag for fagtilbod og behovet for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.
- Følgje opp arbeidet med samfunnskontrakt og styrke det systematiske samarbeidet mellom skule og arbeidsliv (skrifteleggjering av avtalar).
- Leggje til rette for samarbeid med t.d. forsking, UH-sektoren, eksterne kompetansemiljø og Erasmus+ prosjekt.

Arna region

Det skal byggjast ny kombinert skule i Arna etablert nær bussterminal/togstasjon, med planlagt ferdigstilling i 2028.

Frå skuleåret 2017/2018 skal Arna/Garnes vgs ha undervisning i to lokale. Tunesvegen vert avhenda/seld.

Fag- og skuletilbodet i regionen må samla sett vurderast på nytt ved planlegging av ny skule i Arna.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs	284	8	60			60					90					90	308
	Osterøy vgs	196	12		30	30					60						90	222
		480																530

Status gjennomføring av vedtak

Arna vgs

Aktiviteten vil som planlagt verte samla på to stader frå hausten 2017. Samstundes er det sett i gang eit utgreiingsarbeid med tanke på å samle all aktivitet på ein stad (Vestlivegen) frå hausten 2018. Dette vil innebere at Garnesstølen vert lagt ut for sal. Denne vurderinga er planlagt fremja til politisk handsaming i 2017.

Osterøy vgs

- DH vert avvikla frå hausten 2017
 - Det er elles ingen tiltak i skulebruksplanen

Region Bergen Nord (Åsane bydel)

Tertnes vgs får tilbygg etablert og deler av skulen rehabilert til 2018. Dette for å kunne ta imot ST fra U.Pihl 2018.

Nye Åsane vgs blir etter planen tatt i bruk i 2020. Skulen erstattar dagens Åsane vgs, Lønborg vgs og delar av tilbodet ved U.Pihl og dessutan SS frå Knarvik vgs og Tertnes vgs.

Framtidig skuletilbod og dimensionering av fagtilbod i regionen:

Status gjennomføring av vedtak

Tertnes vgs

- Byggearbeidet ligg i rute til skulestart 2018. På grunn av byggearbeidet må elevane som skal fullføre Vg3 ST-FO få tilbod om å gjere det enten på Knarvik vgs eller Olsvikåsen vgs.
 - Tertnes vgs og U.Pihl vert administrativt slått saman frå 01.08.2017. Ny rektor filtrer frå same dato. Komande skuleår vert undervisninga fordelt mellom lokala på U.Pihl og Tertnes. ID frå U.Pihl vert overført til Åsane vgs når den nye skulen er ferdig i 2020.

Åsane vgs

- Skulane Åsane vgs og Lønborg vgs har vore ei eining under felles administrasjon og leiing sidan hausten 2016 og arbeider med å etablere den nye skulen. Fram til ny skule er ferdig i 2020, vil Åsane vgs ha undervisning på fleire stader.
 - RM er planlagt nedlaqt frå hausten 2018.

Region Bergen Sentrum

Bergen Katedralskole kan ta i bruk nytt mellombygg og auka elevtal frå 2018. Samstundes skal rehabiliteringsarbeidet vere ferdig i hovudbygget og klasseromsbygget.

RM vert laft ned på Årstad vgs. Innvendig rehabilitering av C-bygget er planlaft ferdigstilt i 2025.

Aktiviteten på Bergen Maritime vgs på Nedre Nygård vert avvikla 2023.

Innanfor ramma på 400 elevplassar skal det vere rom for noverande programområde på EL og TIP både på Laksevåg videregående skole og Bergen maritime videregående skole. Fordelinga av elevplassar mellom BA, EL og TIP vert avgjort i programmeringsfasen for ny/rehabilitert skule.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

Status gjennomføring av vedtak

Amalie Skram

Ingen tiltak i skulebruksplanen.

Bergen Katedralskole

- Arbeidet med rehabilitering og tilbygg er i god rute slik at skulen kan ta imot dimensjonert elevtal fra skuleåret 2018/2019.
- Det er planlagt utbetringar i bygget på avd. Kyrre for at aktiviteten skal halde fram i noverande lokale i Øvregaten dei neste to åra. Vidareføring av aktiviteten i Øvregaten gjer at Bergen Katedralskole ikkje kan få helseverngodkjenning.

Bergen Maritime vgs

- Det vert planlagt med at fagtilboda innan EL og TIP som skal inngå i ny vgs på Laksevåg, skal samlast i skulen sine lokale fra 2020 og vere der til ny skule er klar etter planen i 2023.
- Omstillingss arbeid og programmering av ny skule på Laksevåg startar etter planen opp i 2018.

Årstad vgs

- RM er planlagt lagt ned fra 2018. Elevane vil kunne fullføre Vg2-tilbod på Sandsli vgs.
- Det er sett i gang detaljert analyse av arealdisponering på skulen. Dette er naudsynt av fleire omsyn. Skulen er i endring når det gjeld tilbod som krev andre romfunksjonar og storleik. Totalt sett er det rikeleg med areal på skulen, men det er naudsynt med ei tilpassing mellom fag og romfunksjonar. Dette er og eit viktig grunnlag i høve til arbeidet som skal gjerast i C-bygget. Vidare vil det i nær framtid vere trong for nye plassar til TO i Bergen, og noko av dette er planlagt til Årstad.

Region Bergen Sør

PB vert samla på Slåtthaug vgs. DH vert lagt ned i regionen

Større deler av Slåtthaug vgs vert rehabilert i 2023. Ei mindre utbygging kan verte aktuell. Langhaugen får nytt bygg for musikk og kroppsøving i 2022

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17		YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030	
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		
BERGEN SØR	Austevoll vgs	142	4				15	45			45						30	139
	Langhaugen vgs	614															450	630
	Nordahl Grieg vgs	919	50	16			135										630	1 011
	Sandsli vgs	550		10					165								450	625
	Slåtthaug vgs	555	12	135		135	180			120	90	165	90					717
	Stend vgs	524	88															478
		3 304																3 600

Status gjennomføring av vedtak

Austevoll vgs

Ingen tiltak i skulebruksplanen.

Langhaugen vgs

Det er for tida ingen særskild aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen. Kartlegging av skulen vil starte hausten 2017.

Nordahl Grieg vgs

Ingen særskild aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Sandsli vgs

På Sandsli legg ein opp til å samle eit breitt fagmiljø innan RM for store deler av fylket og samtidig få ei riktig utnytting av eksisterande verkstader for RM. Ei slik samling av fagmiljøet på ein skule gjer til dømes at elevane får innblikk i alle fagområda innan utdanningsprogrammet.

- Det er gjennomført ei arealvurdering av skulen med tanke på vedteken utviding av tilbodet innan RM. Skulen har nok verkstsadsareal til vedteken dimensjonering, men det kan vere tenleg med tilpassingar av fellesareal og bygging av nytt auditorium.
- Samling av RM-tilbodet i Bergen på skulen er planlagt gjennomført frå hausten 2018. I den samanheng vert det vurdert å utvide TO-tilbodet på skulen knytt til RM.

Slåtthaug vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i skulebruksplanen.

Stend vgs

Det pågår mindre rehabiliteringsarbeid av rom og bygningar. Elles ingen tiltak i skulebruksplanen.

Region Bergen Vest

Olsvikåsen vgs vert vidareført. *DH og PB vert lagt ned i regionen*

Det studieførebuande tilbodet ved Laksevåg vgs vert avvikla hausten 2018

Fagskulen i Hordaland vert saman med yrkesfagleg vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs

Framtidig tilbod ved Laksevåg videregående skole skal dimensjonerast med ei ramme på 400 elevplassar på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma BA, EL og TIP.

Innanfor ramma på 400 elevplassar skal det vere rom for noverande programområde på EL og TIP både på Laksevåg videregående skole og Bergen maritime videregående skole. Fordelinga av elevplassar mellom BA, EL og TIP vert avgjort i programmeringsfasen for ny/rehabilitert skule.

Ombygging og nybygg ved Laksevåg vert prioritert tidleg i investeringsplanen. Det skal setjast i verk tiltak som ivaretak det gode samarbeidet med næringslivet når det gjeld læreplassar slik at ein kan vidareføra desse etter ombygginga.

Framtidig skuletildot og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030	
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs	549		8				120						180				360	668
	Nye Laksevåg vgs	727			130		105					165							400
	Olsvikåsen vgs	591		40				105							90	360		595	
		1 867																1 663	

Kommentar til tabell: For Nye Laksevåg vgs er det berre vedteke totaldimensjonering.

Status gjennomføring av vedtak

Fyllingsdalen vgs

Det pågår eit omfattande rehabiliteringsarbeid av ventilasjonsanlegget på skulen. Vidare er det sett i gang utgreiing av areal og romfunksjonane på skulen med tanke på ei betre tilpassing av areala. I dette ligg det og ei vurdering av auke i dimensjoneringa av TO på skulen.

Laksevåg vgs

- Det studieførebuande tilbodet vert avvikla frå hausten 2018. ST-elevane vil få førerett til å fullføre sitt utdanningsløp ved Bergen Katedralskole. MK-elevane får tilbod om å fullføre si utdanning etter søkering anten på Amalie Skram vgs eller Nordahl Grieg vgs.
- Omstillingssarbeidet med tanke på ST og MK er starta.
- BA, EL, TIP, lærlingskule, PB og TO kan halde fram med si undervisning fram til sommaren 2020.

- Etter planen startar arbeidet med rehabilitering og nybygg til fagskule og vgs hausten 2020 med ferdigstilling hausten 2023. Ny skule har arbeidstittelen «Nye Laksevåg vgs». Det vil ikkje vere aktivitet i bygga på Laksevåg i byggeperioden. Eit viktig arbeid no framover er å finne tenlege løysingar for tilboda i samsvar med vedtak for perioden 2020 – 2023
- Det vert planlagt med at fagtilboda innan EL og TIP som skal inngå i «Nye Laksevåg vgs», skal samlast i Bergen maritime vgs sine lokale på Nedre Nygård frå 2020 og vere der til ny skule er klar på Laksevåg etter planen i 2023. Omstillingsarbeid og programmering av ny skule på Laksevåg startar opp etter planen 2018. Programmeringsarbeidet vil involvere leiing og tilsette ved dei tre einingane Laksevåg vgs, Bergen maritime vgs og Fagskolen i Hordaland.
- Når det gjeld BA og lærlingskulen, vert det arbeidd med å få fram forslag til løysing.
- TO-tilbodet vil ikkje inngå i «Nye Laksevåg vgs». Det er difor naudsynt å finne permanente løysingar for den kapasiteten som i dag er på Laksevåg. Det vert planlagt med å etablere tilsvarende dimensjonering ved Fyllingsdalen vgs og Årstad vgs. Det kan òg verte aktuelt å sjå på alternativ ved andre skular.

Olsvikåsen vgs

DH vert lagt ned frå hausten 2017. Elles ingen tiltak i skulebruksplanen.

Region Askøy

Større rehabilitering og utbygging av Askøy vgs. Planlagt sluttført i 2022

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030	
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
ASKØY	Askøy vgs	560	28	105			60	120				105						540	958
		560																	958

Status gjennomføring av vedtak

Askøy vgs

Kartlegging og dialog med Askøy kommune er starta. Programmeringsarbeidet for tilbygg og rehabilitering startar hausten 2017.

Region Sotra

Ny skule blir etablert i tilknyting til kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2025.

Avd. Sund vert avvikla/seld når den nye skulen kan takast i bruk

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030	
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
SOTRA	Sotra vgs	810	32	45	45	75	120		60			105					90	540	1 112
		810																	1 112

Status gjennomføring av vedtak

Sotra vgs

Det er starta dialog med fleire aktørar på Straume/Bildøy om tomteval. Sak for val av tomt er planlagt fremja for politisk handsaming i løpet av 2018.

Region Os/Fusa

Tidlegare vedtak om dimensjonering vert i hovudsak vidareført.

Det ligg ikkje føre bygningsmessige tiltak som følgje av strukturendring i regionen.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

Status gjennomføring av vedtak

Fusa vgs

Det er ingen planlagt aktivitet i skulebruksplanen

Os gymnas

Det er ingen planlagt aktivitet i skulebruksplanen.

Os vgs

Det ingen planlagt aktivitet i skulebruksplanen. Det er sett i gang arbeid med rehabilitering av D-bygget.

Region Sunnhordland

Stord Vabakkjen vert rehabilert og noko utvida i 2022. TO og SS-tilbodet i regionen vert samla på Stord vgs.

Fitjar vgs vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord vgs for å utnytta ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal vert avvikla.

Børmlø og Rubbestadneset vgs vert slått saman til ein skule og skal heita Børmlø vgs. Den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.

Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstader og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.

Arbeidet med pilotprosjektet på Børmlø skal starta opp like over nyttår. Målet er ei vidaregåande opplæring basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det skal utarbeidast eit mandat som er tydeleg på eit utviklingsdyktig studietilbod. Rammer for mandatet bør m.a. ta omsyn til at arbeidslivets behov og moglegheiter for bistand til opplæring vil variera. Det skal etablerast ei prosjektgruppe i tett samarbeid med, og med representantar for, skule, kommune og næringsliv. Dette arbeidet skal vera starta opp innan januar 2017, og forslag til innhald i og gjennomføring av prosjektet skal vera klart innan utgangen av juni. Kostnadene knytt til pilotprosjektet vert dekka over opplæringsavdelinga sitt budsjett.

Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdera nytt utdanningstilbod innan havbruk.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

Status gjennomføring av vedtak

Bømlo vgs

Skulen deltek i utviklingsprosjekt med næringslivet. Det er elles ingen aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i skulebruksplanen. Kartleggingsaktivitet vert starta opp i 2018.

Rubbestadnes vgs

Skulen deltek i utviklingsprosjekt med næringslivet. Det er elles ingen aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i skulebruksplanen

Fitjar vgs

Leigeavtalet skulen har for tilleggsareal, vert avslutta pr 31.07.2017. PB-tilbodet held fram på skulen, men vert redusert frå to til ein klasse frå hausten 2017.

Stord vgs

Kartlegging av areala på Vabakkjen startar opp etter planen hausten 2017. Programmeringsarbeid rehabilitering Vabakkjen startar opp primo 2018.

Prosjekt næringslivet

Det har sidan januar 2017 vore gjennomført tre møte med representantar frå opplæringsavdelinga, skulane på Bømlo, næringslivet på Bømlo, Bømlo kommune og Opplæringskontoret for mekaniske fag og elektrofag - Bømlo.

Tentative tids- og kostnadsrammer

Prosjektet ser ein føre seg vil ha tre hovudsteg:

1. Planleggingsfase 2017. Oppdragsspesifikasjon vert lagt fram til politisk handsaming oktober 2017
2. Utviklingsfase hausten 2017 til våren 2019. Ferdig prosjektplan til politisk handsaming desember 2017 / mars 2018. Utvikling av økonomiske rammer og formelle avtalar for opplæringsmodell i perioden vår 2018 til vår 2019.
3. Iverkettingsfase hausten 2019 til våren 2023 – utprøving og evaluering.

Planleggingsfasen krev sakshandsamarressursar ved opplæringsavdelinga. I tillegg vil det vere trøng for deltaking frå næringslivet på Bømlo, Bømlo kommune og dei vidaregåande skulane i kommunen.

Utviklingsfasen vil kreje prosjektleiarressurs, samt at det vil vere trøng for ressursar med kompetanse innan yrkesfaga. Det er naturleg at prosjektleiar er knytt til opplæringsavdelinga, medan den yrkesfaglege kompetansen må vere representert både gjennom skule og næringsliv.

Prosjektleiarstillinga vert rekna til om lag 20% første året i utviklingsfasen, og det same vil gjelde for yrkesfagkompetansen både frå skule og næringsliv. I tillegg kjem det reisekostnader og kostnader til prosjektsamlingar og møteverksemd.

Det skal settast opp evalueringskriterium som vert lagt til grunn i vurderinga av modellen for yrkesopplæring ein har kome fram til i utviklingsfasen.

Stipulerte prosjektkostnader haust 2017 – vår 2019:

		2017	2018	2019		
Prosjektleiar	kr	75 000	kr 150 000	kr 75 000		
Fagressurs skule	kr	75 000	kr 150 000	kr 75 000		
Fagressurs næringsliv	kr	-	kr 150 000	kr 75 000		
Prosjektsamlingar	kr	25 000	kr 50 000	kr 25 000		
Sum	kr	175 000	500 000	250 000	kr	925 000

Ressurstrong og kostnader vidare i iverkettingsfasen må ein kome attende til i løpet av utviklingsfasen.

Det vidare arbeidet er planlagt med følgjande organisering og representasjon (der dette er avklart):

Styringsgruppe (SG):

Fylkesdirektør opplæring
Regionleiar
Rektor Rubbestadnes vgs
Vice president HR & Org.development Eidesvik AS
Kommunalsjef Bømlo kommune

Svein Leidulf Heggheim (SL)
Sissel Øverdal
Rune Gåsland
Erling Loddet
Bjørn Håvard Bjørklund

Prosjektgruppe (PG):

Prosjektleiar
Yrkeskompetanse Rubbestadneset vgs
Yrkeskompetanse næringsliv
Rektor Bømlo vgs
Opplæringskontoret
Representant for tilsette – Utdanningsforbundet

Asbjørn Mæland
Paul Engeseth
Tor Gunnar Halleraker

Region Kvinnherad

Det ligg ikkje føre forslag om endringar i skulestruktur i rullert skulebruksplan.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar 2030
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
KVINNHERAD	Kvinnherad vgs	388	10	16	45		30	60				45	30					180	416
		388																416	

Status gjennomføring av vedtak

Kvinnherad vgs

Det er ingen tiltak i skulebruksplanen.

Region Odda

Tidlegare vedtak om dimensjonering vert i hovudsak vidareført.

Det er ikkje planlagt større endringar i bygg utover pågåande rehabilitering av yrkesfagbygget

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar 2030
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
ODDA	Odda vgs	319	10	12	15		30	30				60						180	337
		319																337	

Status gjennomføring av vedtak

Odda vgs

- Arbeidet med rehabilitering av yrkesfagbygget går etter planen og vil bli ferdigstilt våren 2018.
- Tilbodet innan ID vert vidareført for skuleåret 17/18

Region Kvam

Ny skule er planlagt ferdigstilt i 2027. Ny skule i Kvam skal lokalisera i Norheimsund og erstattar Norheimsund vgs og Øystese gymnas som vert avvikla. Det skal innleiast samtalar med Kvam herad for å sikre ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund

BA vert lagt ned i regionen

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG									STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030		
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		
KVAM	Ny Kvam vgs		281	10	12			30	30			30						180	292
			281															292	

Status gjennomføring av vedtak

Øystese/ Norheimsund vgs

- Frå 01.01.2017 er skulane i Kvam slått saman til ei økonomisk og administrativ eining under felles rektor og leiing. Førebels namn på den nye skulen er Kvam vgs, men det vert etter planen fremja politisk sak hausten 2017 som skal ta stilling til namnet på skulen i Kvam.
- BA- tilboden er lagt ned frå hausten 2017. Bygget i Steinsdalen vert lagt ut for sal i 2017.
- Det er gjennomført fleire møte med Kvam herad om tomt til ny skule. Det ligg konkret tomtealternativ på bordet, men det er ikkje teke endeleg avgjerd.

Region Voss

For skulane på Voss vert tidlegare vedtak i hovudsak vidareført.

Hjeltnes vgs blir lagt ned. Tilboda anleggsgartnar og idrettsanleggsfag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert flytta til høvesvis Nye Voss vgs og Nye Voss gymnas. Fylkeskommunen skal medverke til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes vgs

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG									STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030	
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	
VOSS	Hjeltnes vgs	12															0	
	Nye Voss gymnas*	528	20		45		60			30		45		45	135	90	180	650
	Nye Voss vgs*	371	20	45		30		135	30		75							335
		911																985

Status gjennomføring av vedtak

Hjeltnes vgs

- Det vidaregåande tilboden vert lagt ned, og tilboden vert flytta til Voss vgs og Voss gymnas frå hausten 2017
- I januar 2017 vart det oppretta ei prosjektgruppe som arbeider vidare med målsetting om å etablere produksjonsskule på Hjeltnes med statleg medverknad og finansiering frå 2018. Statleg finansiering skal vere avklart i løpet av 2017.
- Fram til avklaring om etablering av produksjonsskule er Hjeltnes organisert som ei avdeling under Nye Voss vgs. VO-tilboden og fagskuletilboden held fram i denne mellomperioden styrt under høvesvis VO-senteret på Nye Voss gymnas og Fagskolen i Hordaland.

Nye Voss gymnas

- Skulen vert etablert som ei samla eining 01.08.2017. Dette inneber at Voss husflidsskule, Voss vgs og Rogne vgs samstundes blir lagt ned.
- Nybrygget til skulen er ferdig og delvis tatt i bruk. Etter planen skulle skulen vore samla i renovert gymnasbygg og nybygg frå januar 2018. Rehabilitering av det gamle gymnasbygget er utsett med nokre månader. Dette inneber at ein held fram med undervisning i modulbygg og i Voss vgs sine tidlegare lokale på Vatle utover våren 2018.
- Tilboda innan blomsterdekoratør (frå Hjeltnes) startar opp hausten 2017.

Nye Voss vgs

- Skulen opna og vart tatt i bruk etter planen hausten 2017.
- Tilboda innan anleggsgartnar og idrettsanleggsfag (frå Hjeltnes) startar opp hausten 2017. Det pågår arbeid for å klargjere uteareal til dette tilboden.

Region Etne/Sveio

Skuletilbodet i Etne vert samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Lokala i Tesdal vert ikkje seld så lenge dei vert nytta av Rogaland fylkeskommune.

Det vert sett i gang arbeid med å leggje til rette for ei best mogleg vidareføring av tilbod og ivaretaking av tilsette og elevar. Korleis dette konkret skal gjerast med tanke på personalhandtering, samling av fagtilbod og undervisningsstader, kjem fylkesrådmannen tilbake til i eiga sak.

Status gjennomføring av vedtak

Etne vgs

- Skuletilbodet i regionen vert frå hausten 2017 gitt av Ølen vgs med Rogaland fylkeskommune som skuleigar. Undervisningstilbodet innan TIP held fram i lokala i Tesdal. Det er gitt tilbod om ein to-års leigeavtale på desse lokala til Rogaland fylkeskommune. Aktiviteten i Skakkesenteret vert avvikla sommaren 2017.
- Fylkestinget har vore orientert om arbeidet i Etne til no i eigne framlegg (PS 98/2016 og RS 2/2017). Prosessane som har vore knytt til personalhandtering, vert gjort greie for i eiga melding til politisk utval i juni. Vidare vert det fremja sak til fylkestinget hausten 2017 om resultatet av samanslåinga og samarbeidet med Rogaland.
- Det er etablert dialog med Etne kommune om vidare bruk av Skakkesenteret.

Oppsummering

Tabellen under viser den samla dimensjoneringa i Hordaland fram mot 2030 etter vedtak fylkestinget i oktober 2016, desember 2016 og mars 2017.

REGION	SKULE	Elevtal 2016/17	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
NORDHORDL.	Austrheim vgs	263	-		30		30	30			60	30						90	270
	Knarvik vgs	1 049		48	75	75	30	90			75	90						270	753
		1 312																	1 023
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs	284		8	60			60						90				90	308
	Osterøy vgs	196		12			30	30			60							90	222
		480																	530
BERGEN NORD	Åsane vgs	458	50	60	120		90	210			105	90	90			180			995
	Tertnes vgs	717																	630
		1 175																	1 625
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs	1 034		20							135		60	90				720	1 025
	Katedralskole	596	50															648	698
	Bergen maritime	281																	0
	Årstad vgs	862	50	62		165	105	360			150	60			90	180		1 222	
		2 773																	2 945
BERGEN SØR	Austevoll vgs	142		4				15	45		45							30	139
	Langhaugen vgs	614															450	630	
	Nordahl Grieg vgs	919	50	16				135										630	
	Sandsli vgs	550		10														1 011	
	Slåtthaug vgs	555		12	135		135	180				165	90					450	
	Stend vgs	524		88					120			90					180		717
BERGEN VEST		3 304																	3 600
	Fyllingsdalen vgs	549		8				120										360	668
	Nye Laksevåg vgs	727			130		105												400
	Olsvikåsen vgs	591		40				105											595
ASKØY		1 887																	1 663
	Askøy vgs	560		28	105		60	120				105						540	958
		560																	958
SOTRA	Sotra vgs	810		32	45	45	75	120			60	105				90	540		1 112
		810																	1 112
	Fusa vgs	288		5				60	30		30	75	30			90			320
OS - FUSA	Os gymnas	252																360	360
	Os vgs	465		11	120		75	120			120	180							626
		1 005																	1 306
SUNNHORDL.	Bømlo vgs	295					60	90	60		-	60						180	450
	Rubbestadnes vgs	145					30		120		30		30						0
	Fitjar vgs	252					150				45	120	30	90	90	90	360		210
	Stord vgs	846	35	62	60														1 132
KVINNHERAD		1 538																	1 792
	Kvinnherad vgs	388	10	16	45		30	60			45	30						180	416
		388																	
ODDA	Odda vgs	319	10	12	15		30	30				60						180	337
		319																	753
KVAM	Ny Kvam vgs	281	10	12			30	30				30						180	292
		281																	292
VOSS	Hjeltnes vgs	12																	0
	Nye Voss gymnas*	528	20			45		60			30		45	45	135	90	180		650
	Nye Voss vgs*	371		20	45		30	135			30	75							335
ETNE - SVEIO		911																	985
	Etre vgs	89																	0
		89																	-
	Sum	16 812	285	586	985	360	1 065	2 145	390	315	525	1 665	585	450	495	675	360	7 698	18 584

Kommentar til tabell: For Nye Laksevåg vgs er det berre vedteke totaldimensjonering. 60 plassar innan TO (frå Laksevåg) er ikkje dimensjonert i tabellen over.

Tabellen viser ei totaldimensjonering på 18 584 elevplassar. Dette er 1209 fleire plassar enn det tilgjengelege prognosar viser at det er trong for. Samanlikna med fylkesrådmannen si tilråding til skulebruksplan er dette 250 fleire elevplassar totalt. Denne overkapasiteten vil fylkesrådmannen måtte ta omsyn til i dei større prosjekta som skal programmerast framover.

Investeringsplan - gjennomføring

Investeringsplan

For gjennomføringa av tiltaka i skulebruksplanen er det lagt til grunn eit årleg investeringsnivå på om lag 500 mill. kr for utdanningssektoren fram mot 2030. Vedtaka i fylkestinget i mars 2017 knytt til sakene «Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg» og «Budsjett 2017 – endringar – ny gjennomgang av investeringsbudsjettet» har gjort det naudsynt å korrigere investeringsplanen. Ny fagskule og yrkesfagleg vgs på Laksevåg inneber ei forskyving på om lag eitt år på dei prosjekta som kjem etter dette.

Når det gjeld endringar i investeringsbudsjettet, er det blitt ei endring i investeringa mellom år for gjennomføring av rehabilitering og nybygg på Askøy vgs. Dette vil ikkje påverke sluttdato for prosjektet. Sjå elles oppdatert investeringsplan vedlagt denne saka (vedlegg 1).

Gjennomføring

Basert på gjeldande vedtak, byggeteknisk standard, kapasitetstrong og årleg investeringsnivå arbeider fylkesrådmannen ut frå ei prioritering av tiltak og tid for gjennomføring som vist i tabellen under:

Skule	Tiltak	Tiltak	
		Blir avvikla	Blir opna
Nye Voss gymnas	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2017
Arna vgs, Tunes	Vert avvikla innan 2017 og seld	2017	
Tertnes vgs	Gjennomføring av vedtatt programmering		2018
Bergen Katedralskole	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2018
Nye Åsane vgs	Vedtak i skulebruksplan 2012. Areal i dag inkludert bygg på Lønborg. Nytt arealtal frå investeringsbudsjett		2020
Nye Åsane vgs	Nye Åsane vgs byggestart 2018, gjennomføring av vedtatt programmering. Vaksenopplæring, fengselsundervisning, kulturhus eigd av Bergen kommune		2020
Odda vgs	Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Blir investeringsprosjektet frå 2017. Totalkost 115 mill. 35 mill. gjennom post for større vedlikehald i 2016		2018
Etne vgs	Kommunen overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal seljast 2017	2017	
Hjeltnes vgs	Usikker bruk. Ingen investering eller sal av bygg teke med i investeringsplanen, men «Austtun» og «Vesttun» vert lagt ut for sal Etablert prosjekt med mål om å etablere produksjonsskule i 2018	2017	
Norheimsund vgs	Bygg i Steinsdalen vert seld	2017	
Laksevåg vgs	Studieførebuande utdanningsprogram vert avvikla (ST og MK)	2018	
Laksevåg vgs	Yrkesfagleg utdanningsprogram, lærlingskule, TO og PB vert flytta Skulen vert tømt /avvikla for å gi plass til Fagskolen i Hordaland og Nye Laksevåg vgs (ny samanslått skule: Laksevåg vgs / Bergen maritime vgs). Start byggearbeid	2020	
Bergen maritime vgs	TIP og EL etablert på Nedre Nygård (tidlegare Bergen maritime vgs) Bergen maritime vgs = Nye Laksevåg vgs	2020	
Lønborg avd Åsane vgs	Vert seld to år før nedlegging	2020	
Askøy vgs	Delvis rehabilitering av 50%. Utvida med 20%		2022
Langhaugen vgs	Nytt bygg for kroppsøving og musikk. 2000 m2		2022
Rubbestadneset	Vert seld to år før nedlegging	2022	
Børmlø vgs	Nybygg for TIP/EL i «Vekslingsmodell» skule næringsliv		2022

Stord vgs, Vabakkjen	Eksisterande verksteder vert rehabiliteret og utvida. Klasseromsbygg får ei delvis rehabilitering. FEF-areal		2022
Stord vgs, Saghauen	Avgrensa tiltak i samband med samanslåing		2022
Slåtthaug vgs	Delvis rehabilitering av 70% av arealet		2023
Nedre Nygård	Bergen maritime vgs/fagskole. Vert seld tre år før avvikling	2023	
Fagskolen i Hordaland / Nye Laksevåg vgs	Fagskolen i Hordaland og Nye Laksevåg vgs (ny samanslått skule: Laksevåg vgs / Bergen maritime vgs). Rehabilitering A og B bygg. Nybygg		2023
Årstad vgs	Innomhus-rehabilitering av C-bygget. Totalareal på Årstad vgs 32043 m ²		2025
Sotra vgs, Bildøy	Vert seld to år før nedlegging	2025	
Sotra vgs, Sund	Vert seld to år før nedlegging	2025	
Nye Sotra vgs	Etablere ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy. FEF-areal		2025
Knarvik vgs, Kvernhusmyrane	Vert seld to år før nedlegging	2027	
Knarvik vgs, Juvikstølen	Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane. FEF-areal		2027
Austrheim vgs	Vert seld to år før nedlegging	2027	
Nye Austrheim vgs	Nybygg parallelt med Knarvik		2027
Norheimsund vgs	Vert seld to år før nedlegging	2027	
Øystese gymnas	Vert seld to år før nedlegging	2027	
Nye Kvam vgs	Ny skule, FEF-areal		2027
Arna vgs, Vestlivegen	Vert seld to år før nedlegging	2028	
Arna vgs, Garneshøgda	Vert seld to år før nedlegging. Vert vurdert for sal tidlegare. Føreset at undervisningsaktiviteten kan samlast i Vestlivegen	2028	
Nye Arna vgs	Ny skule, FEF-areal		2028
Fitjar vgs	Nybygg på sikt som erstatning for hovedbygg		2028

Når det gjeld tidspunkt for gjennomføring på Knarvik og Sotra, har desse ein relasjon til planlagde vegprosjekt. Dette gjeld ny trasé for E39 som kan påverke bygningane på Kvernhusmyra og det nye Sotrasambandet.

Vedlegg:

Investeringsplan 2017 - 2030 (revidert etter vedtak i fylkestinget 07.03.2017)